



Samjaktavtale

mellom

Ulvik statsallmenning, HA 291 og Øvre Numedal statsallmenning, HA55

Vidareføring av tidlegare avtale med nokre justeringar.

1. Jegerar frå Ulvik med bruksrett i Ulvik statsallmenning kan jakte på Øvre Numedal statsallmenning nord for Lågenvassdraget og sør for Lågenvassdraget frå Eidfjord grense i vest til Langebuåni i aust.
2. Som vederlag skal Øvre Numedal fjellstyre ha slikt tal kort for kvar jeger frå Ulvik:
2 kort for kvar jeger ved fellingskvote på 4000 dyr eller mindre.
3 kort for kvar jeger ved fellingskvote på mellom 4001 - 7000
4 kort for kvar jeger ved fellingskvote på 7001 eller fleire.
3. Fordelinga av korttypar fyljer generell fordeling av fellingskvote på Hardangervidda
4. Fellingsavgift er Øvre Numedals utgift og ansvar. Det er og Øvre Numedal sitt ansvar å få inn kort skreven ut på Ulvik statsallmenning og som er brukt av jegerar frå Øvre Numedal.
5. Jakttida fyljer kvart år vedtak i Øvre Numedal fjellstyre, og vert gjort kjend for Ulvik fjellstyre i god tid før jaktstart og seinast 01.08.
6. Ved fellingskvote på 6000 rein eller meir kan Ulvik fjellstyre sende inn puljer på maks 10 jegerar av gongen til Øvre Numedal statsallmenning. Liste med namn på jegerar skal sendast Øvre Numedal fjellstyre seinast 15.08 kvart år. Endringar skal sendast sekretariatet til Øvre Numedal fjellstyre.
7. Jegerar frå Ulvik som nyttar Knutsbu skal rydde skikkeleg opp etter seg.
8. Avtala kan reforhandlast eller seiast opp av begge partar innan 01. februar kvart år.

For
Ulvik fjellstyre

Dato/underskrift 19/02-18

ULVIK FJELLSTYRE
[Handwritten signature]

For
Øvre Numedal fjellstyre

Dato/underskrift

Øvre Numedal Fjellstyre
14/3-18 *[Handwritten signature]*